



Teknisk sektor

Vår referanse
19/10341 19/11524

Din referanse

Sakshandsamar
Sonja Håvik

Dato
19.06.2019

Lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg

Fellesnemnda for nye Volda har i møte 18.06.2019, sak 38/19, fatta følgjande vedtak:

Fellesnemnda vedtek å legge lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg ut på høyring i 6 veker.

Med helsing

Rune Sjugard

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar
Knut Øystein Ekroll
Teknisk sektor

Kopi til
Jarl Martin Møller
Roy Inge Heltne



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
38/19	Fellesnemnda for nye Volda	18.06.2019

Lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg

Samandrag:

For å ivareta lovpålagde oppgåver etter forskrift om brannforebygging § 17 Feiing og tilsyn med fyringsanlegg, må nye Volda vedta lokal forskrift om feiing og tilsyn, og det må fastsettast feiegebyr som sikrar fagleg tilfredsstillande feiing og tilsyn.

Fellesnemnda for nye Volda 18.06.2019:

Behandling:

Kommunalsjef teknisk sektor Jarl Martin Møller og brannsjef Roy Inge Heltne møtte.

Adminstrasjonen kom med slik endring av tilrådinga:

Fellesnemnda vedtek å legge lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg ut på høyring i 6 veker.

Røysting (10 røysteføre):

Revidert tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Fellesnemnda- 38/19 Vedtak:

Fellesnemnda vedtek å legge lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg ut på høyring i 6 veker.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet vedtek lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, og

fastsett gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg.

Vedlegg:

Lokal forskrift om lovfesta feiing og tilsyn av fyringsanlegg og gebyr og tilsyn av fyringsanlegg i Volda kommune

Vurdering og konklusjon:

Kommunen skal syte for at røykkanalar i fyringsanlegg blir feid ved behov på ein fagleg tilfredsstillande måte, og at det blir gjennomført tilsyn med slike fyringsanlegg jmf. forskrift om brannforebygging § 17 Feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

For denne tenesta kan kommunen krevje gebyr etter sjølvskostprinsippet jmf. Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver § 28. Gebyr m.m.

For å ivareta denne plikta så er det behov for å fastsette feiegebyra og innføre lokal forskrift om feiing.

Etter gjeldande brannordning skal det være to feiarar for å gjennomføre lovpålagt oppgåver i Volda, ved overgang til større kommune forsterkar dette behovet seg. Feiegebyret skal være lett å administrere, samtidig som at det skal lønne seg å fyre miljøvenleg og energieffektivt.

Feiegebyra blir fordelt på omtrent 3800 einingar, og vil samla gi ei inntekt på 2,1 mill kr.

Omtrentleg 80% av alle som betalar feiegebyr har berre eit røykløp, dei resterande 20% har fleire røykløp.

Omtrent 15% av fyringsanlegga har behov for særleg hyppig oppfølging på grunn av mykje sot.

Dersom ein skulle lagt flatt gebyr på alle så hadde summen per eining blitt 535 kr eks mva. Ved å differansiere gebyret for feiing og tilsyn så må dei med store fyringsanlegg betale litt meir enn dei som har eit lite fyringsanlegg.

Dårlege fyringsvanar, bruk av ikkje reintbrennande vedomn samt brenning av våt ved eller avfall fører til meir sot og meir forurensning. Ved å krevje inn ekstra gebyr frå dei kundane så vil det også lønne seg økonomisk å fyre miljøvenleg og varmeeffektivt.

Økonomiske konsekvensar:

Gebyr for feiing og branntilsyn vil frå 01.01.2020 være fordelt på følgjande måte:

Gebysats	Eining	2020
A	Eit røykløp behovsprøvd feiing minst 2. kvart år.	690,-
B	Eit røykløp behovsprøvd feiing kvart 3-6 år.	495,-
C	Fleire røykløp behovsprøvd feiing minst 2. kvart år.	850,-
D	Fleire røykløp behovsprøvd feiing kvart 3-6 år.	610,-
E	Fresing av beksot (per pipe)	2000,-
F	Timesats *)	835,-

Alle summar eks mva.

Behovsprøvd tilsyn er inkludert i feiegebyret.

*) Vert nytta ved anna arbeid utanom lovpålagd feiing og tilsyn, til dømes kontroll av røykløp etter pipebrann, fabrikkpiper, ekstra feiing og andre tenester som ikkje er dekkja av det ordinære feie- og tilsynsgebyret.

Rune Sjurgard
Rådmann

Roy Inge Heltne
brannsjef